



FORTIDSMINNEFORENINGEN

SPARBYGGJA FORTIDSMINNELAG

Ikkje riv

LYNUMHUSET

Furuskogvegen 3
Steinkjer

Sparbyggja fortidsminnelag er foreningens lokallag for Verran, Snåsa og Steinkjer. Laget er stifta i 2012 og har som formål å arbeide for bevaring av verneverdige kulturminner og å skape en allmenn forståelse for kulturminnevern i sitt virkeområde.
Org.: 911 884 623



KONKLUSJON

Sparbyggja Fortidsminnelag har sterke innvendingar til at den gamle prestebustaden, Furuskogvegen 3, kan måtte vike plass for eit nybygg. Ser vi bygningen opp mot dei vanlege vernekriteria, kjem det klart til syne at han bør settast i stand. Det aller viktigaste er at han går godt inn i eit miljø frå gjenreisningstida etter bombinga i 1940. Trass i at mange av bygningane er endra, har strøket bevara miljø og karakter på ein fin måte. Det er jamn kvalitet på det som har skjedd og miljøet er framleis heilskapleg, såleis er det også med på Riksantikvarens NB!-liste.

Den aktuelle bygningen skil seg likevel ut som meir autentisk enn dei fleste av dei andre bygningane i denne delen av Furuskogvegen.

Vi forstår at bygningen kan ha for liten økonomisk bruksverdi til dei formål byggherren tenkjer seg, men tvilar på at det kan gjelde annan bruk av bygningen.

Vi har grunngitt synet vårt meir i detalj nedanfor.



INNLEIING

Villabebyggelsa på Sørsibakken er eit viktig trekk i Gjenreisingsbyens historie og er av stor historisk verdi. Strøket vart regulert i løpet av sommaren/hausten 1940, på grunnlag av byplanen professor Sverre Pedersen hadde laga for Steinkjer i 1925. Den gongen gjekk kommunegrensa like aust for Johan Bojers gate (som då heitte Erik Jarls gate), men Pedersens byplan frå 1925 forutsåg ei omfattande utviding av kommunegrensene. Den første kommunegrenseutvidinga fann stad sommaren 1940 og omfatta m.a Sørsibakken. Det var her dei første gjenreisingshusa vart bygde, som erstat-



ning for bygardar som hadde gått tapt i brannen. Utbygginga av villastrøket Furuskogvegen-Otto Sverdrups veg starta allereie hausten 1940 og var i hovudsak avslutta ti år seinare.

”De springende punkter ved reguleringen er: et rimelig dimensjonert sentrum for administrasjon og forretningsliv, trafikksystemet ordnet etter bilenes krav, boligstrøk skikkelig adskilt fra trafikk og fra forretningsentrum, og friarealer trukket inn mellom bebyggelsen i en ganske annen grad enn før,” skriv tidsskriftet Byggekunst. (nr 5 1940). Utbygginga av Sørsibakken illustrerer korleis dette vart realisert.

OM HUSET – FRÅ BYGGESAKSARKIVET

Dei fleste bygningane i strøket er endra gjennom om- og tilbygg, men dei finst framleis. Furuskogvegen 3 har utvendig ein autentisk utsjånad og det er heller ikkje gjort store endringar innvendig. På den måten har huset har både stor lokal og regional verdi som kulturminne, det kan også argumen-



Prinsippet om trafikkutskilling gjorde at sokneprest Lynum fekk problem med å få reist ein garasje. Det var planlagt felles garasjeanlegg for strøket og ein ville ikkje tillate enkeltgarasjer. Fellesgarasjen kom aldri.

terast for at det er av nasjonal verdi.

I den redaksjonelle, usignerte artikkelen fra Bygge-

kunst, nemnt ovafor, kommenterer forfattern også utforminga av bygningane:

”Kobber er forbudt til takteking og beslag, og asfaltpapp blir ikke tillatt brukt uten i helt spesielle tilfeller. De to siste forbudene vil få betydning for utformingen av taket på alle de hus som nå skal bygges. (...)skråtaket blir enerådende igjen. Dette er av enkelte slått opp som en særlig gunstig tendens henimot nasjonal arkitektur, bort fra den såkalte funkisen. Det er ikke grunn til å ta slike ting romantisk.”

Den same tendensen bort frå funkis syner seg også i boka ”Norske hus for land og by”, med 50 type-tegningar for bolighus, utgitt av Norske arkitekters landsforbund i 1940, som hjelp under gjenreisinga. Furuskogvegen 3 er såleis eit tidleg og godt bevart døme på denne vendinga i arkitekturen. Det har også høg arkitektonisk kvalitet, med sine rikt profilerte søyler, og hjørnepilastre som imiterar murverk.

Det vart skifta bordkledning og vindu i 1978:

”I forbindelse med at Nord-Trøndelag fylke har ervervet Furuskogveien 3 i Steinkjer skal bygningen tilleggisoleres med nytt utvendig panel og det skal

skiftes vinduer. Det blir ved disse arbeider ingen fasademessige endringer og det blir nyttet vinduer av samme type som tidligere”, skriv Fylkesarkitekten 23.1.1978. ”Innvendig skal vegg i vindfang mot garderobe fjernes, og kjøkken utvides til å omfatte anretning. I 2.etasje skal monteres servant på klosett og dusj på rom ved siden av bad.”

Byggemeldinga, datert 6/11 1940, seier dette om byggematerialer og konstruksjon:

”Kjellermure av betong. Ellers: tre. Ytterveggene utføres av 3” pløide planker i rammeverk, isolasjonspapp og vestlandspanel utvendig, papp og panel innvendig. De bjelkebærende vegger og fleste vegger ellers utføres av 3” pløide planker i rammeverk, med papp og panel på begge sider. Isolasjon: Et isolasjonslag 10 cm over kjellergulv og et oppå murkronen. Begge bestående av dobbelt lag asfaltpapp. Taktekning: Skifer.”

Arkitekten:

John Egil Tverdahl er født 27. november 1890 i Trondheim, død 1969. Arkitekt frå Trondhjems Tekniske Lærestanstalt 1913. Assistent Johan Osnes

1913 -16, hos Einar Oscar Schou 1916 - 17. Ansatt Nidarosdomens restaureringsarbeider 1917, ledar 1926-30. Assistent Gerhard Fischer på Domkjerkeundersøkinga 1936-42. Eigen arkitektpraksis i Trondheim frå 1930.

I tillegg til Furuskogvegen 3 har Tverdahl teikna følgjande bygningar i Steinkjer:

- *Martensvegen 18. O(la). Tverdahls hus på tomt i Nordsihaugen. 1940 Signert 8.8. 1940, godkjent 15.8 i Gjenreisningsnemnden og 6.9 i Bygningsrådet.*
- *Furuskogvegen 20. Herr verksmester Bjerkans hus Steinkjer, godkjent 9.10.40.*
- *Skolegata 1. Hus for herr M. Koldaas. Byggemeldt 1946.*
- *Martensvegen 28. Herr M. Heglums hus. Godkjent 1949.*
- *Kongens gate 22/24. Breidablikk. Forretningsgård i mur. Tverdahl og Tagseth. Godkjent 1954.*

(<http://www.gjenreisingsbyer.no/gjenreisingsarkitektane.5096073-113546.html>)

Byggherren

I tillegg til aldersverdi, autentisitet, representativitet og arkitektonisk verdi, har Furuskogvegen 3 den tilleggsverdien at det var boligen til Ola Lynum (1893-1959) ein markant kyrkjeleg og kulturell person i Steinkjersamfunnet i ei årrekkje, frå 1934 til 1959, samt at boligen i mange år var tilhaldsstad for 1. Steinkjer speidertropp, som hadde patrulje- og troppslokale i "Prestkjelleren" fram til Speiderhuset vart bygd i 1963.

Byggherren, sokneprest Ola Lynum, får byggeløyve 7. juli 1941 for å fullføre våningshus påbegynt før 7/2-41.

Frå byggesaksarkivet:

1948:

Byggemelding for frittliggande garasje med bod og verksted, med pyramidetak, ikkje godkjend 13/4 1948. (Tegning datert 7.10 1940).

1949:

Garasje med bod og sval (tegninga datert 23/5

1940) (Situasjonsplan datert 20.8 47 EBr.)

1958:

Soknerest Lynum spekulerer på å selje til kommunen og skaffe seg tomt annan plass i Furuskogvegen.

1978:

Utvendig etterisolering – nye vindu av same art og storleik som opphavleg (*"i forbindelse med at Nord-Trøndelag fylke har ervervet eiendommen"*)

Innvendig: Kjøkken utvida med opprinneleg spiskammers og anretning. Vegg mellom vindfang og garderobe på gavlsida fjerna. Dør mellom garderobe og forhall bygd igjen. Byggherre NTFK. Brukar: Steinkjer treningsverksted.

1981:

Plass for minibuss: Ny garasjeport – heva garasjetak.

1998: Midlertidig (men ikkje tidsavgrensa) bruksendring fra mini-institusjon til KIF-skole

STATUS I SAKA

SilHuett arkitekter har på vegne av Steinkjerbygg AS sendt nabovarsel om riving av Furuskogvegen 3 og nybygg av hus med fire leiligheter. Naboane i Furuskogvegen 2, Furuskogvegen 5 og Johan Bojers gate 6 har merknadar, dels prinsipielt til riving, dels til det prosjekterte huset. Kommunen har fått kopi av brevet frå naboane til SilHuett. Tiltakshavar har enno ikkje søkt om rivingstillatelse.

Området

Furuskogvegen 3 ligg innafor eit område som er registrert som mulig NB!-område av Riksantikvaren.

”NB!-registeret angir områder hvor det må vises særlige hensyn i forbindelse med videre forvaltning og utvikling. Det innebærer ikke formelt vern at et kulturmiljø er med i NB!-registeret, men det gir et grunnlag for angivelse av nye hensynsoner iht. plan- og bygningsloven. Områdene kan også gi grunnlag for innsigelse ved nye arealplaner. Det kan heller ikke utelukkes at noen NB!-områder bør fredes eller at det finnes objekter i disse som på sikt kan vise seg

å måtte sikres etter kulturminneloven.” (<http://nb.ra.no/nb/index.jsf>)

Planar

Det ser ikkje ut til å vere laga reguleringsplan for Johan Bojers gate–Furuskogvegen–Otto Sverdrups veg i seinare tid. I kommuneplanens arealdel frå 2009 er området merka gult (B) (dvs boligområde) + grønt (friområde) mellom Furuskogvegen og Johan Bojers gate.

Kommunestyret i Steinkjer ga i vedtak av 12.12.08 administrasjonen i oppdrag å utarbeide ein kulturminneplan, ei samla framstilling av viktige kulturminner, kulturmiljø og kulturlandskap i Steinkjer. Formålet er å sikre at kulturarven i Steinkjer blir sikra ei bærekraftig utvikling. Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap må forvaltast som dokumentasjon av fortida og ein ressurs for framtida.

Planprogrammet understrekar at kommunen gjennom Plan- og bygningslova har *”et selvstendig ansvar for forvaltning av nyere kulturminner. Kommunen kan regulere kulturminner og kulturmiljøer til hensynssoner med egne bestemmelser for bevaring”*.

Oppsummering



Furuskogvegen 3 er ein harmonisk bygning, ein framifrå representant for gjenreisingsarkitekturen. Steinkjer må ta vare på denne historiske arven, den stig i verdi etter som tida går!

Gjennom kulturminneplanen har kommunen sett i gang eit arbeid for å identifisere kva for område det er aktuelt å regulere til bevaring. Det må difor vere rimeleg å be om at det ikkje blir gitt løyve til riving av eksisterande bygningar så lenge kulturminneplanen er under arbeid.

Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur har fått i oppdrag å skrive den delen av kulturminneplanen som skal omhandle gjenreisingsbebyggelsa, samt bygg fra seint 1800-tal (sveitserstilen) og tidleg 1900-tal (jugend, nyklassisisme og funkis). I samsvar med planprogrammet skal planen gjere framlegg til tiltak for å sikre kulturminna. Aktuelle tiltak er oppstart av frednings sak, regulering til hensynssone etter plan- og bygningslova, samt utarbeiding av liste over bygningar der kulturminneverdiar/verneverdiar er identifiserte.

For Sparbyggja Fortidsminnelag

Kolbein Dahle